



Det vart ein strålende kveld då Christina Dahl Quartet vitja Jazzklubben og Dønhaug sist. No har publikum mulighet til å oppleve det på nytt.

Etter at Christina Dahl Quartet spela i Dønhaugkjedlaren i november 2014 skreiv uskedalen.no sin medarbeidar at Husnes Jazzklubb hadde gjort eit kupp då dei hadde engasjert den danske saksophonisten med den store tonen og dei dyktige musikarane. No er dei tilbake!

Husnes Jazzklubb legg no svært mange av klubbkveldane til Dønhaugkjedlaren. Det er eit ypperleg lokale som skaper den gode jazzstemningen og den rette atmosfæren. Laurdag 18.mars er det klart for ein ny stemningsfull jazzkveld i kjeddlaren. Då er Christina Dahl tilbake. Ho har besøkt jazzklubben fleire gonger. I 2014 var ho på Dønhaug og gav publikum ein stor kveld saman med dei faste musikarane sine. Christina sjølv trakterer saksofon på ein følsom måte med stor tone som gjer ho til Danmarks fremste jazzsaksofonist. Med seg i kvartetten har ho dei same dyktige musikarane som sist ho vitja Dønhaug, Jesper Lundgaard(bass), Niclas Knudsen(gitar) og Espen Laub von Lilienskjold(trommer).

Sist bandet spela på Dønhaug vart det ein topp kveld med godt besøk. Dessverre var det altfor mange uskedelingar som gjekk glipp av dette då det var få av dei blant publikum, skreiv uskedalen.no den gongen. No er sjansen der igjen.

I februar i fjor var Christina Dahl tilbake i jazzklubben då ho spela saman med Jazzverket under Kvinnherad kulturfestival på Husnes. Også det vart eit suksessfullt samspel. Frå denne konserten har vi lånt eit opptak frå Jazzverket si heimeside. Hør det ved å klikka [HER](#). (De finn det publisert 06.febr. 2016)Det er Magne Ivarsøy som gjorde opptaket.

Konserten i Dønhaugkjedlaren startar kl.21. For dei som ønskjer ei skikkeleg heilaften, er det mogeleg å kombinera det med skreimiddag på Oska tidlegare på kvelden.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Arkivfoto: Ola Matti Mathisen.